



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

### ÅRSMELDING FRÅ LEIRDUEBANEUTVALET 2000

Utvalet har vore samansett slik:

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Medlem: Odd Reksnes  
Medlem: Frode Husum  
Medlem: Jakob Støyva

Aktiviteten på leirduebana og deltaking på stemnene var ein god del mindre enn i 1999. Kanskje dugnadsinnsatsen og gjennomføringa av NM i Førde må ta ein del av skulda.

Bana var open for trening som vanleg på tysdagar og fredagar.

Det vart arrangert nybyrjarkurs i leirdueskyting, men dessverre utan at nokon melde seg på.

Grunna mykje snø på Kleppa vart "Indre Sogn Cup" flytta til Gaupne.

Vinnar var Bjarte Linga frå Samnanger.

Frode Husum vart både Vestlands- og fylkesmeister i jegertrap.

Odd Reksnes tok tredeplassen i VM og Leikanger tok begge dei to første plassane i lagskytinga og tok det andre nappet i vandrepokalen.

Leif Arne Lindgjerde vart lagsmeister både i jegertrap og leirduesti.

På Kleppa vart det laga ein løypestreng for dyrefigurar som vart brukt til trening for jegerprøvedeltakarar og andre.

Fem ungdomar frå ungdomsutvalet som var interesserte i å prøva hagleskyting var med to kveldar.

Verdensrekord og Guinness rekord.

Frode Husum og Kurt Langeteig og åtte andre leirdueskyttarar var med å sette verdensrekord i maratontapskyting.

Etter 24 timar kontinuerleg skyting vart resultatet 24701 skot med 22619 treff. Dette er eit gjennomsnitt på 23 treff pr. 25-skots serie.

Leirduebaneutvalet  
Svein Inge Lundheim  
-leiar-

2

Trastadalshytta

Det var 15 bruksdagar i 2000. To av desse var av kommunen

Hytteansvarleg

Svein Inge Lundheim



## Årsmelding jaktutval Ljf.

Det vart i år arrangert jegerprøvekurs ved Sverre Fossen og Bjørn Fjøsne.

Det var 6 deltakarar.

Jaktutvalet er her aktivt med under oppstart og held kontakt under avvikling.

Ved avslutta kurs får deltakarane tilbud om å vera med ein representant frå jaktutvalet på småviltjakt i Leikanger kommune.

Det vart sendt ut 2 deltakarar frå jaktutvalet for å delta på jaktleiarkurs i Sogndal. Kurset vart arrangert 31.mars og 1.april.

Dette inneheldt desse sakene : Lover og forskrifter, forvaltningsplanar, human og sikker jakt, ettersøk, forberedelsar, praktisk jakt og slakting.

Kurset var på 12 t.

I år har medlemar frå jaktutvalet vore med under avviklinga av storviltprøven.

Dette er noko vi og kjem til å fortsetja med. Det vart og fremja forslag frå oss om evt.feltskyting, men vi veit ikkje korleis dette vert når det no blir innført nye retningslinjer for storviltprøven.

Siste tida vart det jobba med ei mogleg innføring av skotpremie. Dette vert kanskje i samarbeid med grunneigarlaget som vi har vore i kontakt med.

Me ventar og på tilbakemelding frå viltkonsulenten.

Det vil sannsynlegvis først og fremst bli på rev og mår.

Jaktutvalet har vore samansett slik: Bjarne Sjøthun, Per Norstein, Per Olav Henjum og Vidar Frækaland.

Styret har vore samla 4 gonger og har vore samansett slik:

Leiar: Kurt Langeteig, nestleiar: Per Ove Fossheim, kasserar: Kjell Erik Strand, sekretær: Arnstein Hauge, jaktutval: Bjarne Sjøthun, Leirduebaneutval: Svein Inge Lundheim, fiskeutval: Øyvind Njøs, ungdomsutval: Hallvard Grinde.



## Årsmelding fiskeutval Ljf.

- Vårsprellen 2000 vart arrangert 28. mai i båthavna. Det var meget dårleg ver og berre 11 påmelde.  
Vandrepokalen gjekk til Vidar Jakobsen m/fam.  
Det var ikkje båtklasse grunna lita interesse.
- Fiskekonkurransen på Fjærlandsete vart også i år arrangert av Steinar Husum og Magne Optun.  
Det var fint ver og ca 30 påmelde. Om kvelden var det bålbrekking og sosialt samvær på Sumhaug.  
Storfiskaren Per Olav Henjum gjekk av med sigeren for mest fisk.
- Ljf selde ikkje fiskekort i Henjaelvi sesongen 2000.  
Dette på grunn av at grunneigarane ikkje er viljuge til å underteikna langvarige kontraktar, og at elva er i elendig forfatning.
- Fiskeutvalet var samansett slik: Øyvind Njøs, Per Sivert Nesdal, Ivar Ness og Øyvind Husabø.

## Årsrapport ungdomsutval L.J.F.L 2000

Fyrste møte vart halde 22.05.00. Olav og Hallvard møtte. Vidar og Arve vart hindra.

Fyrst hadde utvalet ein prinsippdiskusjon der me vart samde om å starte opp med nokre spesielt interesserte. Me meinte det var viktig å kome i gang med dei ivrigaste.

### Aktivitetar:

1. Eigen fiskeklubb
2. Kart og kompassopplæring
3. Flugekasting
4. Flugebinding
5. Jaktskyting bane/felt – leirdue
6. Fisketur (ar) til fjærlandsete
7. Korleis kle seg ute i naturen.

Lære seg tidleg å planleggje fornuftige kjøp.

8. Tillaging av fisk
9. Støype sølvskei/slukar
10. Feller/fangstkurs  
Pelsing/Taning

Me tenkte at denne "smørbrødlista" skulle presenterast og at dei nye medlemmane skulle sjølve få vere med å prioritere. – ev. supplere med andre aktivitetar.

### Medlemsskap:

Me diskuterte fleire alternativ, og fann vel ut at me ikkje kunne "tvangsinnmelde" alle no i starten. Difor var det viktig å gå ut og informere om at det var nødvendig å ta ein pris pr. aktivitet, dersom dei unge valde å stå utanom. Dette måtte vera ca. kostpris.

Etter avtale med dei interesserte vart første medlemsmøte halde på Leikanger barneskule, måndag 29.05.00.

### Desse møtte:

Gjermund Høgheim, Kåre Lennart England, Tomas Hagen, Erlend Røysum, Tom Andre Husabø og Rune Njøs. (Dagen etterpå ringde Petter Hagenlund og sa han hadde gløymt møtet, men gjerne ville vera med.)

Me peika ut Gjermund Høgheim som kontaktmann i 9.kl. og Tom Andre Husabø i 8.kl. Dette for å letta organiseringa vidare.

Hallvard informerte og gjekk gjennom ”smørbrøddlista”. Medlemmane meinte vi hadde treft blink og hadde ikkje ynskjer å tilføye. Me prøvde å lage ei ”terminliste”, men dette vart vanskeleg fordi dei same ungdomane var svært aktive i andre organisasjonar.

- 1. Flugekastingskurs med Gunnar Olsmo starta opp 07.06.00 i Brundene. Dei hadde 6 kurskveldar med innlagt fisketur til Flya.
- 2. Helga 19. og 20. august vart det avvikla fisketur til Fjærlandsete.
- 3. Skyting på bane måtte samordnast med jaktutvalet sine treningstider. Det same gjaldt leirdueskytinga på Kleppa. Svein Inge Lundheim og Olav Njøs avvikla dette i september mnd.

Intensjonen vidare var å gå i gang med feller/fangstkurs i oktober månad med påfølgjande kurs i pelsing/taning dersom det vart resultat av dei sjølvлага fellene våre. Men dette kom ikkje i gang.

Etter nyår var leiar i kontakt med dei aktuelle ungdomsskuleelevane for å finna høvelege datoar for eit flugebindingskurs. Men me har førebels ikkje fått nokon tilbakemelding. (Tore Broch Mathisen har sagt seg viljug til å halda kurset.)

Me veit at desse ungdomane er svært opptekne p.g.a. stort engasjement i andre organisasjonar som Syril; Leikanger skyttarlag osv. Ein ser det difor nødvendig for det nye utvalet å diskutera – kor går vegen vidare. Skal vår aktivitet vere eit tilbod attåt dei andre organisasjonane, eller skal me konkurrere om dei same ungdomane? Er det kanskje betre å rekruttere breiare for så å gjennomføre aktivitetane etter terminlista? Desse spørsmåla må takast grundig stilling til før ein startar opp nytt arbeidsår.

Hallvard Grinde

7

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG  
REKNESKAPEN 2000

UTGIFTER

|                     |          |
|---------------------|----------|
| Gebyr               | 210,00   |
| Kurs/møte           | 680,00   |
| Kioskvarer          | 759,50   |
| Kjøp premiar        | 5 531,00 |
| Div. utgifter       | 4 172,00 |
| Kjøp skot/duer      | 3 900,00 |
| Baneleige           | 50,00    |
| Trastadalshytta     | 335,00   |
| Nyanlegg Henjadalen | 259,00   |
| Jaktleiarkurs       | 500,00   |
| Jegerprøve          | 3893,00  |
| Kontingent          | 0        |
|                     | 20289,50 |

INNTEKTER

|                                   |             |
|-----------------------------------|-------------|
| Renteinntekter                    | 715,00 ✓    |
| Inntekter trening/stemne          | 16 661,50   |
| Sponsorinntekter                  | 0,00        |
| Kontingentinnkreving              | 296000      |
| Leigeinntekter bane               | 1 000,00    |
| Leigeinntekt Trastadalshytta      | 975,00 ✓    |
| Kursavgift jegerprøve             | 2000,00     |
| Fiskekonkurranse Fjærlandsete     | 795,00      |
| Kulturmidlar                      | 5 000,00    |
| Kurs                              | 0,00        |
| NM Leirduesti og Jegertrap        | 25 090,35 ✓ |
| Fylkeslotteri                     | 740,00      |
| NM-rekvisita                      | 3 500,00    |
| Gåvetildeling Spareb. Sogn og Fj. | 4 000,00    |
|                                   | 63 436,85   |

OVERSKOT: 43 147,35

AKTIVA PR. 31.12.2000:

|                              |             |
|------------------------------|-------------|
| SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE | 62 974,61 ✓ |
| SKOT-DUER-PREMIAR M.M.       | 20 957,50   |
| BYGG ANLEGG                  | 14 720,00   |
| LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR       | 20 614,00   |
| TØMMER/MATERIALAR            | 40 000,00   |
| SUM AKTIVA                   | 159 266,11  |

Hermansverk 11.03.2000

*Kjell Erik Strand*  
Kjell Erik Strand

*Rekneskapen er revidert og funnen  
i orden. 12.03.01.*

*Ingve Ylvis* *Stein Fossum*

etter valet på årsmøte

8

## Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2001

Forklaring: A = på val 2002 B = ikkje på val 2002

Styret:

| Kategori: | Verv:     | Namn:               | Forslag : | Telefonnr. : |
|-----------|-----------|---------------------|-----------|--------------|
| B         | Leiar     | Svein Inge Lundheim |           | 90605267     |
| A         | Nestleiar | Per Ove Fosshem     |           | 97570583     |
| A         | Kasserar  | Kjell Erik Strand   |           | 57653024     |
| B         | Sekretær  | Arnstein Hauge      |           | 57654008     |
| B         | Varamedl. | Steinar Berkvam     |           | 57679260     |

Jaktutval:

|   |        |                 |  |          |
|---|--------|-----------------|--|----------|
| A | Leiar  | Bjarne Sjøthun  |  | 90957245 |
| A | Medlem | Per Olav Henjum |  | 91333305 |
| B | Medlem | Per Norstein    |  | 91739213 |
| B | Medlem | Øyvind Njøs     |  | 57654002 |

Fiskeutval:

|   |        |                   |  |          |
|---|--------|-------------------|--|----------|
| B | Leiar  | Øyvind Husabø     |  | 95112936 |
| A | Medlem | Ivar Ness         |  | 57653663 |
| B | Medlem | Steinar Henjum    |  | 91856654 |
| A | Medlem | Per Sivert Nesdal |  | 90770945 |

Leirduebaneutval:

|   |        |                     |  |          |
|---|--------|---------------------|--|----------|
| A | Leiar  | Leif Arne Lingjerde |  | 91176689 |
| A | Medlem | Odd Reksnes         |  | 95758559 |
| B | Medlem | Svein Inge Lundheim |  | 90605267 |
| B | Medlem | Jakob Støyva        |  | 57653002 |

Ungdomsutval:

|   |        |                 |  |          |
|---|--------|-----------------|--|----------|
| B | Leiar  | Hallvard Grinde |  | 57653860 |
| B | Medlem | Arve Yttri      |  | 97096865 |
| A | Medlem | Olav Njøs       |  | 57654114 |
| A | Medlem | Vidar Jacobsen  |  | 57653156 |

Hundeutval:

|   |        |                   |  |          |
|---|--------|-------------------|--|----------|
| B | Leiar  | Kurt Langeteig    |  | 95089899 |
| B | Medlem | Elin Gjerde       |  |          |
| A | Medlem | Anne Katrin Bøyum |  |          |
| A | Medlem | Bjørn Fjøsne      |  | 57653974 |

Revisor:

|   |  |               |  |          |
|---|--|---------------|--|----------|
| A |  | Sverre Fossen |  | 57653329 |
| B |  | Inge Yttri    |  | 57653331 |

Valkomite:

|   |        |                   |  |          |
|---|--------|-------------------|--|----------|
| B | Leiar  | Per Sivert Nesdal |  | 90770945 |
| A | Medlem | Øyvind Husabø     |  | 95112936 |
| A | Medlem |                   |  |          |



# Årsmøte Leikanger Jakt- og Fiskelag den 15.03.2001

Til stades: 12 medlemmer.

## 1. Godkjenning av innkalling.

Det var ingen merknader til innkallinga.

## 2. Val av 2 personar til å skrive under møteboka.

Leif Arne Lingjerde og Bjarne Sjøthun vart valde.

## 3. Årsmeldingar.

- Hallvard Grinde la fram årsrapport frå ungdomsutvalet.
- Svein Inge Lundheim la fram årsmelding frå leirduebaneutvalet.
- Bjarne Sjøthun la fram årsmelding frå jaktutvalet. Sverre Fossen orienteret om jegerprøvekurs som er utvida frå 16 timar til 30 timar.
- Øyvind Njøs la fram årsmelding frå fiskeutvalet. Årsmøtet ba utvalet arbeide vidare med tilrettelegging for sportsfiske etter laks og sjøaure i nedre del av Henjaelva.
- Det vart vedteke å opprette eit nytt hundeutval. Styret fekk fullmakt til å endre vedtektene i høve til oppretting av dette utvalet.

## 4. Rekneskap.

Kjell Erik Strand la fram rekneskapen. Kasseraren bør vere til stades på første kveld av jegerprøven for å gje ei orientering. Han tek seg dessutan av alle søknader om tilskot til laget.

## 5. Val.

- **Styret:** Svein Inge Lundheim vart vald til ny leiar etter at Kurt Langeteig hadde sagt frå seg attval. Arnstein Hauge (attval sekretær) og Steinar Berkvam (attval vara). Kasserar og ~~sekretær~~ *nest leiar* sto ikkje på val.
- **Jaktutval:** Øyvind Njøs (ny medlem), Per Norstein (attval medlem).
- **Fiskeutval:** Øyvind Husabø (ny leiar), Steinar Henjum (ny medlem), Ivar Ness (attval medlem).
- **Revisor:** Inge Yttri (attval revisor).
- **Valnemnd:** Per Sivert Nesdal (ny leiar), Øyvind Husabø (medlem).
- **Leirduebaneutval:** Leif Arne Lingjerde (ny leiar), Svein Inge Lundheim (medlem), Jakob Støyva (attval medlem).
- **Ungdomsutval:** Hallvard Grinde (attval leiar) og Arve Yttri (attval medlem).
- **Hundeutval:** Kurt Langeteig (leiar), Elin Gjerde (medlem), Anne Katrin Bøyum (medlem), Bjørn Fjøsne (medlem).

## 6. Orientering om lagsanlegg på Kvålen.

Kurt Langeteig orienterte om status vedr. nytt lagsanlegg på Kvålen.  
Kurt Langeteig og Per Ove Fossheim vert kontaktpersonar.

## 7. Ymse.

Ingen saker.

Referent  
Kjell Erik Strand

*Leif Arne Lingjerde*  
*Bjarne Sjøthun*